

Årsmelding for Time historielag 2024

Time historielag er ein frivillig organisasjon med medlemmer som har interesse av å finna fram og ta vare på lokalhistorie knytt til Time kommune.

Laget har det praktiske ansvaret for drifta av Time bygdemuseum, og får etter avtale ein årleg økonomisk kompensasjon frå Time kommune for dette arbeidet.

Muséet er lokalisert i 2. og 3. etasje i Undheim samfunnshus.

Styret i 2024:

Leiar: Tarald Oma

Nestleiar: Bjørn Bekkeheien

Kasserar: Ingvar Reime

Skrivar: Karen Time

Styremedlem: Dan Dyrli Daatland

Varamedlemmer: Vidar Undheim, Marit Osland, Arna Aune

Valnemnd:

Jostein Stokka, Steinar Garborg og Dorteia Haugland.

Revisorar: Omund Norheim og Inge Haugland.

Boknemnda: Tom Hetland (redaktør), Anne Berit Hatlem, Åsmund Norheim, Aud Søyland Kristensen og Tarald Oma.

Styreaktivitet:

- Styret har i meldingsåret (styreåret 2024) hatt 11 styremøte, og handsama 99 saker.
- Årsmøtet i Rogaland historielag på Jørpeland, Strand 09.03.24: Utsendingar frå Time: Tarald Oma, Bjørn Bekkeheien, Vidar Undheim, Karen Time, Dan Dyrli Daatland, Marit Osland, Vidar Undheim.
- Regionmøte i Rogaland historielag 24.10.24 på Randaberg, utsendingar frå Time: Tarald Oma, Ingvar Reime, Dan Dyrli Daatland, Marit Osland og Karen Time.
- Time bygdemuseum er ope ved arrangement på Undheim samfunnshus, både ved sundagsmiddagsservering og andre høve. Styremedlemmene har også i 2024 delt på å vera museumsvakter når bygdemuseet er ope for publikum.
- Historielaget v/ styremedlem Dan Dyrli Daatland samarbeider med skulen i Time om å utforma ein søknad til Landslaget for lokalhistorie. Landslaget deler ut midlar til konkrete lokalhistorieprosjekt til skulebruk, hjå oss planlagd for ungdomstrinnet i Time-skulen. Søknad er planlagd innsendt april 2025.
- Referat og foto frå møta i Time historielag vert sende til Jærbladet og får god spalteplass, og slik når historielaget ut til lesarar både på Jæren og i andre landsdelar.
- Foto (v/ Arna Aune) frå medlemsmøte og andre arrangement vert publiserte på historielaget si Facebook-side saman med referatet.

- Etter invitasjon frå Rogaland historielag deltok styret på guida båttur med veteranbåten Rogaland 23.mai.

Møte og aktivitetar i Time historielag i 2024:

Møta vert haldne på Undheim samfunnshus, og er svært godt besøkte.

09.01: Møte med føredrag v/ Johan Aakre om motstandsørsla i Egersund før/under/etter 2. verdenskrig. Musikk v/ Green Sax.

06.02: Årsmøte. Føredrag v/ Sjur Håland om jærsk mentalitet og jærsk lynne. Musikk v/ Frimenn.

05.03: Kulturkveld i Bryne kyrkje i samarbeid med Bryne kyrkjelyd: Føredraget «Jæren frå brunt til grønt - til svart?» v/ Bothild Åslaugsdotter Nordsletten, og refleksjon v/ sokneprest Stein Ødegård.

09.04: Møte med føredraget «Stormakta Kina - venn eller fiende» v/ Torbjørn Færøvik. Musikk ved undheimskoret Dekor.

Våren 2024: På bakgrunn av det komande (i 2025) 200-års-jubiléet for den første organiserte utvandringa til Amerika beslutta boknemnda at temaet skulle få god plass i 2024-årboka. Med stønad frå Sparebanken Sør og Time historielag reiste årbokredaktør Tom Hetland 2 veker i USA for å finna etterkomarar og stoff om utvandra time-slekter og dei seks utvandra Arne Garborg - syskena. Tom Hetland er den første som har samla og nedskrive omfattande dokumentasjon om Garborg-syskena og etterkomarane deira.

27.05 - 01.06: 30 deltakarar var med på bussturen «Kultur og natur», til Hordaland og Telemark. Me vitja historiske stadar, museum og nynorske kultursentra, fekk konsert v/ Aasmund Nordstoga, og vart kjende med liv og forfattarskap til både Per Sivle, Olav H. Hauge, Aasmund O. Vinje og Tarjei og Halldis Moren Vesaas. Faglege turleiarar var Tarald Oma og Tora Aasland. Referat og foto frå turen vart godt presentert i Jærbladet.

24.08: Historisk dag på Undheim, m.a. med veterantraktorar, smørkinning, demonstrasjon av husflidteknikkar, saueklypping og smiing. Samarbeid med Gammeltraktorens venner, Jærmuseet, Jæren Husflidslag og bygdekvinnelaget.

10.09: Møte med føredrag og musikk v/ Nora Taksdal.

08.10: Møte med Jakob Sande - kveld i ord og tonar, v/ Jørgen Sagevik.

06.11: Møte med lansering av Årboka 2024, den 12. i rekka, rekordstort oppmøte med 200 frammøtte.

03.12: Julemøte med føredrag v/ Mette Tveit om «Juleskikkar i det norske Amerika». Musikk v/ Green Sax.

I 2024 har Time historielag og Leif Tafjord arbeidd med og ferdigstilt ein film om Lye prestegard. Slik dokumentasjon er særst viktig, både for å ta vare på kunnskap om lokalhistorie, og for å skapa interesse og engasjement i nåtida for jærsk kulturarv og historie. Filmen om Lye prestegard fekk økonomisk støtte frå Sparebankstiftelsen (Jæren sparebank).

Medlemmer:

Ved utgangen av 2024 hadde Time historielag 192 betalande medlemmer.

Æresmedlemmer i laget er Torstein Tunheim, Signy Gro Sæland og Einar Sæland. Einar døydde i 2023.

Økonomi:

Økonomien i laget er stabil og god.

Historielaget har lagerbeholdning med artiklar for sal, både av laget sine T-skjorter, eit begrensa antal Garborgsylv, tidlegare årbøker og enkelte andre bøker. Laget har òg for sal minnepinnar som kvar inneheld både dei 3 filmane om torvskjering, kornet og smalaføte, og foto frå turen «I Arne Garborg sine fotspor».

Lagerbeholdningen av artiklar for sal vert ikkje teken med i rekneskapen.

Stønad og tilskot til prosjekt i 2024:

Frå Time kommune: Driftstilskot 50.000 kr til drifta av Time bygdemuseum.

Frå Sparebanken Sør: Stønad 30.000 kr til ekstraordinære kostnader ved utarbeidinga av årboka, som i 2024 la vekt på stoff relatert til utvandrarjubileet.

Frå Sparebankstiftelsen, Jæren sparebank: Stønad 25.000 kr til filmprosjektet om Lye prestegard.

Bryne, 4. februar 2024,

styret i Time historielag:

Tarald Oma

Bjørn Bekkeheien

Ingvar Reime

Karen Time

Dan Dyrli Daatland

Arna Aune

Vidar Undheim

Marit Osland